

Anne Hildegunn Færøy

Dykkar ref.:

Vår ref.:  
23/280 - 10 / KTJ

Dato:  
20.06.2023

## Svar frå Eldrerådet - praktiske aktivitetar for eldre

God tysdag!

Eldrerådet diskuterte i møtet 13. juni brevet frå Vesttun gard, innspel om nytt tilbod til eldre (vedlegg).

- Det var semje i Eldrerådet om at det ville vera bra å få til noko slikt, men at det ikkje er noko rådet sjølv kan stå for.
- Eldrerådet sender difor innspelet vidare til Frivilligsentralen for eit mogleg nytt tilbod i deira regi. Rådet vil i tillegg peika på at dette kan vera ein del av kommunen sitt omsorgstilbod til heile aldersspekteret, både til barnehageborn og skuleelevar i den yngste enden, og opp til den eldste gruppa som personar med demenssjukdom.
- Rådet stiller seg positiv til at ein kan få til noko som dette, og stiller seg bak på lik linje med måten rådet tidlegare har støtta datakurset som Frivilligsentralen stod for.
- Møtesekretæren fekk i oppgåve å svara ut til Mathias Sætre, og sender også over til Frivilligsentralen og kommunen elles.

Med helsing

Ketil Tjore

møtesekretær Eldrerådet

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur*

### Vedlegg:

Praktiske aktivitetar for eldre

### Kopi til:

Austrheim eldreråd      Furulyvegen 47      5943      AUSTRHEIM

### Mottakere:

Anne Hildegunn Færøy  
Mathias Sætre      Austrheimsvegen 885      5943      AUSTRHEIM  
Rigmor Ludvigsen

